

Bygdabladet

for BOKN



Bokn Sjøservice A/S har meir enn femdobla antal tilsette.
Les meir s. 4



Pluggen hoppar opp ein klasse og skal gjennomføra ein av fem rundar i NorgesCupen.
Les meir s. 5



Bokn musikkorps sin tradisjonelle vårkonsert gjekk føre seg 20. april.
Les meir s. 6

Bygdabladet for BOKN

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Journalist Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar.alvestad@bokn.kommune.no

Medarbeidar Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda.ognoy@bokn.kommune.no

BYGDABLDNEMND

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvsida	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale



Bokn bibliotek - opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30



Stort forsidebilde:

1. Klasse skuleåret
2008/2009

Foto: Jardar Havikbotn

Fv. Kristian Hatlem, Andreas Hatlem, Preben Våga, Michelle Våga, Birgitte Hognaland, Gaute Drilen Jøsang, Lene Vatnaland, Maja Mikkelsen, Hermine Lindanger og Sunniva Taraldlien.

Kjære lesar!

Framleis 16-siders blad

For dei som lurar på kvifor bladene er blitt så tynne i vår er det å seia at det fram til revidering av kommunebudsjettet i juni ikkje er rom for fyldigare blad. Me viser til nettutgåva for meir lokalstoff.

Bygdabladet beklager, og reknar med at me etter ferien får plass til alt stoffet som blir produsert, på papir.

Boknakalenderen 2009

Eg minner om at me ynskjer bidrag til neste års kalender. Som ordføraren var inne på i desemberutgåva i fjor, er det mange flotte motiv å velga frå i Bokn. Du kan enten senda bilder eller komma innom kulturkontoret med minnekort, eller papirbilder, om du har det.

- redaktøren -



ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Sørheimutvalet

Onsdag 16.0.08 var eg og rådmann Jan Erik Nygaard i møte med kommunalministar Magnhild Meltveit Kleppa i kommunaldepartementet og drøfta Sørheimutvalet si innstilling til nytt inntektssystem for kommunane. I tillegg hadde eg med meg ordførar og rådmenn frå Kvitsøy og Utsira, samt tre Stortingsrepresentantar og Kjetil Lie frå Telemarksforskning.

I møtet fekk me høve til å seia noko om framtidsutsiktene for desse tre kommunane, og kva utslag me meiner at Sørheimutvalet si innstilling vil gje. Kommunalministaren kunne naturleg nok ikkje gje lovnadar i møtet, men det viktigaste for oss var å presentera utfordringane våre ved ei endring av inntektssystemet for kommunane.

I tillegg fekk Kjetil Lie frå Telemarksforskning høve til å gå gjennom forslaget om småkommunetilskotet, som er meint å vera ein kompensasjon for bortfall av regionaltilskotet. Sakshandsamarar frå embedsverket var også tilstades på møtet, og fekk høve til å setja seg grundig inn i modellen. Kommunalministaren fortalde meg dagen etter møtet at embedsverket hadde teke med seg notatene frå møtet og jobba utover kvelden med modellen vår.

Problemstillinga til Bokn er etterkvart godt kjent både blant stortingspolitikarar, i kommunaldepartementet og i embedsverket. Ved å halda trykket oppe i denne saka, håpar eg

at Bokn ved neste korsveg får ei løysing som gjer at me kan oppretthalda det kommunale tenestetilbodet på dagens nivå. Bodskapet mitt til kommunalministaren er at Bokn ikkje har råd til å tapa ei einaste krone ved ei endring av inntektssystemet til kommunane. Saka er til handsaming i departementet og regjeringa nå, og den 15. mai skal regjeringa kome med sitt syn i saka. Me får håpa me nådde fram med bodskapet vårt i saka.

Kjekt på Bokn

Kommunestyret vedtok den 15.04.08 at prosjektet Kjekt på Bokn blir vidareført i samsvar med vedtak gjort i forrige kommunestyreperiode. Slik eg ser det er dette eit stort og viktig prosjekt i bygda då føremålet er å gjera Bokn til ein betre stad å bu for eksisterande og komande innbyggjarar.

Konkret blir det nå m.a. jobba med å opparbeida sti til Hognahøve. Det er bestilt gjerdeklyvarar, bord og benkar til traséen, samt skilt i henhold til skiltplanen for området. I tillegg blir det nå også jobba for å få på plass eit utkikkstårn på Boknafjellet.

Bokn kommune fekk god uttelling på RUP-søknadane sine (Regionalt utviklingsprosjekt), og fekk løyva tilsaman 275 000 kr. til prosjektet. Med kommunestyrevedtak og friske midler trur eg at dette er med og blåsa liv i eit spennande prosjekt, og eg håpar at det positive engasjementet ein opplevde både hjå folkevalde og boknarar flest i forrige kommunestyreperiode, vil halda fram i tida framover.

Samla økonomiavd.

Jardar Havikbotn

Skatteoppkrevjar **Lindy Haram (tv. på bildet)** og rekneskapsansvarleg **Norunn Jordbrekk** har flytta inn i lokala til det gamle trygdekontoret, berre nokre meter frå økonomisjef Solrunn Alvestad.

Med det er det blitt kort avstand mellom kontora i økonomiavdelinga, noko som er ein fordel både for kunder og tilsette.

Personalet på det gamle trygdekontoret har som kjent flytta inn i NAV Bokn Trygd sine lokale ved den nye hovudinngangen til Boknatun.



Etter ynskjer frå lesarar byrjar Bygdabladet med

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Grønnestadvegen 311 (Gnr 24, bnr 9) er overdradd fra Karl Johan Nilsen til Kurt Johnny Nilsen, Svein Godtfred Nilsen, Sally Janet Nilsen Olvin og Evy Nilsen (26.02.2008)

Gnr 11, bnr 293 er solgt for kr 1.590.000 fra Bokn kommune til Wee Trading International as (11.03.2008)

Havnavegen 3 (Gnr 11, bnr 128) er overdradd fra Bertin Karl Grønnestad til Magda Grønnestad (12.03.2008)

Havnavegen 3 (Gnr 11, bnr 128) er overdradd fra Magda Grønnestad til Toril Kristin Røgenes (12.03.2008)

Kyrkjebakken 37 (Gnr 10, bnr 22) er overdradd fra Anny Ørke til Jan Egil Ørke og Alise Ur (28.03.2008)

Gnr 9, bnr 161, seksjon 6 er solgt for kr 1.450.000 fra Paulsen Byggsenter as til Irene Kro og Robert Birkeland (11.04.2008)

Føresvikvegen 2 (Gnr 9, bnr 8) er overdradd fra Bokn Plast as til Bokn Industriendom as (14.04.2008)

Føresvikvegen 40 (Gnr 9, bnr 158) er overdradd fra Bokn Plast as til Bokn Industriendom as (14.04.2008)

Overdragelsen omfatter også Gnr 10, bnr 25

Overdragelsen omfatter også Gnr 9, bnr 9

Overdragelsen omfatter også Gnr 9, bnr 86

Kjelde: Statens kartverk

Attføring: Løpebanen rundt grasbanen ved skulen har fått seg ein ny vår. Den gamle grusen er borte, det er også ugraset. Ny trelist mot grasmatta er lagt rundt heile banen. Løpebanen skal så sloddast og valsast, heilt til han er tilfredsstillande å springa på.

I tillegg til at stadionområdet får seg ein tiltalende ansiktsløfting kan skuleelevar og interesserte baneløparar sjå fram mot ein fin tur rundt fotballbanen.

Bokn Sjøservice A/S i god vekst

Reidar Alvestad

Bokn Sjøservice A/S som vart stifta i 2004 av Einar Våge i samarbeid med Grieg Seafood, har meir enn 5-dobla antal tilsette frå 1 til 5,5 i dag. Bedrifta har base i Knarholmen, og er i stadig vekst. Såleis reknar Einar Våge med at dei vil veksa med ennå eit par personar innan det neste året.

Kreativitetspris

Alt i 2005 fekk BOKN Sjøservice A/S Bokn Næringsforum sin kreativitetspris. Det viste seg å vera eit godt val, for bedrifta fekk nok å gjera framover, og tilsette ein person til dette året. Så har oppdraga berre auka fram til i dag. Det er i dag fem 100% stillingar, og ein 50% stilling som har kontorarbeid. Kontorarbeidet blir i dag utført heime hos Einar Våge og på eit anna heimekontor.

Katamaranen "Victoria" med på oppdrag med eit slep.



Nye lokaler

Bokn Sjøservice A/S arbeider med ein avtale om å leiga lokala til tidlegare Bokn Fiskemottak pluss to tomter på nord-sida av dette. I dag har Grieg landbase for opprett der, og vil også ha deler av bygget framover etter at Bokn Sjøservice har overtatt.

Bokn Sjøservice har i dag arbeid i bygget og området ved at dei har oppdrag for Grieg med kontroll og vedlikehald av utstyr som Grieg Seafood har lagra der frå heile fylket. Kontorarbeidet vil etter kvart bli overflytta til lokala i Knarholmen. Her er det også god lagerplass for utstyr og verkstad.

Arbeidsoppsdrag

Bokn Sjøservice driv primært med sjøtenester for oppdrettsnæringa. Men dei utfører alle slag oppgåver for oppdrettsnæringa. Det kan t.d. vera bunkring av anlegg, slepeoppdrag, kranarbeid, kartlegging av havbotnen og fortøyningsoppdrag.

Her held Bokn Sjøservice A/S til i dag.



Dei utfører også oppdrag for forsikringselskap som berging av båtar og liknande. Vidare driv dei med utleige av generatorar, og har 3 i beredskap. Dei har også ein kranbil. For å avlasta båtane sine, kan dei kjøra utstyr med kranbilen til kai frå leverandøren, slik at båtane kan lasta dei om bord og gå til oppdrettet.

Bokn Sjøservice har også to miniubåtar. Desse blir hovudsakleg brukt til inspeksjon av fortøyingar. I tillegg utfører dei også oppgåver som filming på sjøbotnen, festing av utstyr til å heva førtøying og andre oppdrag inntil 700 meter djupt. Den minste av desse ubåtane er berre som ein koffert, medan den største er 1,40 x 1,90 meter.

Vidare har dei ein katamaran på 8 x 15meter som er hovudbåten. Ein 40 fot sjark har dei i teneste, pluss ein 40 fots katamaran som dei leiger hos Grieg Seafood. I bestilling har dei eit nybygg (katamaran) på 15 x 10,5 meter som skal leverast i mars 2009. Denne vil bli spesialbygd til fortøyningsarbeid.

Verkstad og kai

Ute ved sjølve Knarholmen kor Bokn Sjøservice har hatt hovudbasen frå dei starta, har dei kai og verkstadbygg. Dei



Einar Våge står her bak den største av miniubåtane.

er godkjend verkstad for Iveco dieselmotorar, og har delelager for dette. Dei har samarbeidsavtale med Frydenbø i Bergen, og er eit av tre verkstader som dette firmaet brukar i Rogaland.

For tida har ikkje verkstaden i Knarholmen kapasitet til å ta imot andre oppdrag enn dei som dei har avtale med frå før. Ei av årsakene til at dei ikkje har meir kapasitet, er at deira eigne motorar treng vedlikehald og reparasjon. Verkstaden har eit flatemål på 8 x 10 meter.


Meir konkurranse

Einar Våge seier at dei må rekna med meir konkurranse framover. Det kan bli tøffare tider. Utviklinga i oppdrettsnæringa vil ha betydning for aktiviteten. Likevel er det rimeleg stabilt i og med at dei har kontraktar som sikrar jamn aktivitet fleire år framover.

Pluggen girer om, men fortsetter på sporet

Kjetil Hamre

Fra fjorårets suksess, med vel gjennomført KM, hopper Pluggen opp en klasse og skal gjennomføre en av fem runder i NorgesCupen. Det er til og med finalen som avholdes på Torland den 7. september.



Artur Trosnavåg har markert seksjonene på et områdekart. Interesserte internetbrukere finner dette kartet i farger på bokn.no, i art. med samme overskrift som denne.

Det er et formidabelt arrangement Pluggen tar ansvar for. Sammen med Karmøy og Haugesund trialklubb inviteres ca. 130 aktive med alder 13 år og oppover til ferdighetskjøring.

Terrenget på Torland er mer variert og selve området noe større enn på Knarholmen, og Pluggen gleder seg til å ta i mot storfint besøk. Utfordringer for arrangør og deltaker skulle være store nok! Her er terrenget alt fra myr, skog, fjell, bekker til røtter, virkelig variert og krevende.



Sosial økt er viktig.

Vil du være med?

De tre arrangørklubbene vil stille med to representanter hver i sekretariat, en hver som kioskansvarlig og en hver som sponsoransvarlig. Ut over dette trenges ca. 80 funksjonærer. Pluggen håper boknaren igjen kjenner sin besøkelsestid og støtter opp på den aktive og publikummessige siden. De som var dommere i fjor er hjertelig velkomne for et opp-

friskingskurs og deltagelse i år også. Dersom du synes dette høres interessant ut er det bare å ta kontakt med Trialklubben for kursing innenfor aktuelle felter.



Kursing i kveldssola.

Nettopp kompetanseheving er noe trialene satser på. Med de oppgavene klubben har tatt på seg de siste årene er det jo forståelig. Men flere krefter trengs, så her er det ikke vits i å være beskjeden!

I NC er det deltakere fra 13 år og oppover, de kjører gjennom hele 27 seksjoner mot 14 i KM, og hele norgeseliten er forventet til øya.

Men før NorgesCup skal Pluggen arrangere et rekruttmøte som følger opp den fine stemningen klubben fikk til rundt KM og St. Hans i fjor. Her inviteres utvalgte klubber til uformell lek på sykkelen. Det sosiale rundt Trial blir tatt på alvor! Grilling av pølser var f.eks en viktig aktivitet når jeg besøkte dem en onsdagskveld.

Skipptaket rundt NC starter 14 dager før stevnet og Bygdabladet vil komme tilbake til mer om denne saken, men oppfordrer alle som synes dette høres spennende ut til å ta kontakt med Pluggen allerede i går.....

Klubben har treningstid onsdag 18.00 – 20.00 og lørdag 14.00 - 17.00. Klubben har en del utstyr disponibelt og plasser ledige om det skulle være en liten eksosspire i dine håpefulle. Det er bare å møte opp for å få en innføring, men det legges til at oppfølging av forelder er nødt til å være til stede.

Vårkonsert

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ragnhild Laupland

Bokn musikkorps sin tradisjonelle vårkonsert gjekk føre seg 20. april.

Vel 40 personar ville sitte inne i gymsalen og høyra musikk frå lokale utøvarar, i finveret den nest siste sundagen i april. Som korpsformann Odd Grønnestad sa i byrjinga så veit ingen, under arrangementplanlegging fleire månader tidlegare, korleis veret vil bli. Litt "soltap" (som Haugesund Teater kallar publikumssvikta) må me rekna med, sjølv om denne konserten ikkje kjem i reprise.



Bildet øverst:
Klart for "Spania"

Bildet nederst:
Bokn Brass/Rustne Horn spelte filmmusikk.

Flinke aspirantar

Om ikkje skulekorpset har fast dirigent, så har dei mange aspirantar. Nesten alle var i sving på denne konserten, sju 1. års- og tre 2. års-aspirantar. 1. års-asp. starta det heile, og viste gruppevis - både unisont og fleirstemt, kor flinke dei har blitt.

Etter at 2. års-asp. hadde imponert med ein av de mest spelte vårsongane, "Alle fugler", sette dei seg blant skulekorpset og Bokn Brass/Rustne Horn for å vera med på "Spania". Dette stykket var dei solistar på under Øyastemnet i fjor, og nå var det 1. års-aspirantane sin tur. Trampeklapp frå publikum vitna om eit flott og populært innslag, kanskje

endå ein tradisjon er fødd. Aspirantinstruktør er Wenche L. Havikbotn.

Bokn Brass, med undertekna som dirigent, og som fortsatt samarbeider med Rustne Horn frå Førland, spelte i to avdelingar - eit omfattande program, som 1. juni blir gjentatt på Førland. Første avd. blei slutta av med eit solistnr. Svend Egil Håvardsen frå Førland, som også i fjor vår spelte tuba-solo med korpset, bles til med "Forty Fathoms" denne gong. Alltid kjekt med slike innslag, både for aktørar og publikum.

Tilhøyrarar i Bokn har nok ikkje høyrte han for siste gong.

Tangentinstrument

I fleire år har musikkskulen hatt ei eiga avdeling på desse vårkonsertane, og i år viste ni elevar kva dei held på med saman med lærar Venevil Birkelund. Her var alt frå songar som "Lille katt" og "Fader Jakob", dansar, menuetter og etyder til gammalpop og James Bond, framført på el.-piano og keyboard - med og utan bistand frå læraren.

Etter servering av kaffi og kaker, drøs og loddsal var det klart for vaksenkorpset si økt med filmmusikk. Klipp frå filmene Nine To Five, Alexander, Løvenes Konge og Grease gjekk non-stop på lerretet medan filmmusikken runga ut i salen. I 20 minutt fekk dei framømte god bruk for både øyro og augo. Takk til assistent Marius Sunde, som sørga for at det tekniske fungerte skikkeleg!

Etter to timar vanka det blomar og gode tilbakemeldingar. Nok ein vellukka vårkonsert var i hamn.

Viktig at ingen sluttar

Skulekorpset var, i mangel på fast dirigent, berre med på eitt stykke denne gong. Nå har dei imidlertid forberedt årets 17. mai-program, saman med Bokn Brass.

I denne situasjonen, der ein må håpa på fast dirigent frå hausten, vil nok fleire mista motivasjonen for å halda fram i korpset. Tolmodet til dei unge blir sett skikkeleg på prøve og fleire har lett for å gi seg.

Men nå er det viktig at alle tar ansvar for at skulekorpset skal overleva, og tenker på at det er nå ein treng å halda saman som ei gruppe og bygga det opp att. 11 aspirantar står etterkvart klare til å koma inn og apparatet rundt fungerer godt. La oss håpa at ting ordnar seg til hausten.

Skulekorps og aspirantar skal på tur til Danmark 20. juni.

Kulturkalenderen

Mai

17. **Sjå pr. på midts. - riv ut/last ned frå bokn.no**
 18. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
 18. Møte - Misjonssambandet kl. 19.30 på bedehuset
 23.-25. Speidartur til Vågholmen
 24. Bokn danseklubb, Vestlandsserien i Haugesund
 25. Sundagsskulen deltar i gudsteneste i Loten kl. 11.00
 29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
 30. Kino i Auditoriet

Juni

01. Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahabn
 01. Gudsteneste kl. 19.00
 03. Speidaren har troppsmøte i Loden
 04. Saniteten har basar kl. 19.00 på skulen
 05. **Bokn danseklubb, sommaravslutning m/ danseoppvisning - alle velkomne**
 05. Forvaltningsstyremøte
 7.-8. Bokn danseklubb til NM i Bergen
 08. Sundagsskule - avslutning før sumaren kl. 10.30
 08. Møte - Gideon kl. 19.30 på bedehuset
 10. **Formannskapsmøte**
 15. Gudsteneste i Loten kl. 11.00
 17. Kommunestyremøte
 21. **Austre Bokn Bygdalag – St.Hans feiring på Nore Vågholmen v/sjøhuset kl. 17. Felles grill. Skyss frå Torvberget fra kl. 16.45. Anledning til å leggja til med eigen båt ved Nore Vågholmen.**

Juli

12. Sommarmarknad Føresvik

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 4 1988

VEIER PÅ BOKN I DÅRLEG FORFATNING

Det er ikkje berre i år folk klagar på veiene utover øya på Vestre Bokn. Fleire år kjem dette årvist att.

Til slutt blir det mest lått og løye av det - så som at ein må ta ut gebisset nrå ein har passert Grønnestad-krossen, eller at ein må ta på nyrebeltet.

Men folk har grunn til å klaga. Dei som bur utover øya må dagleg bruka dette "vaskebrettet", med dei ulempene dette med-fører. Veier i nokolunde bra stand er noko folk rekanar med som ein sjølv-sagt ting, og dette går då særleg utover dei som bur i utkanten og dagleg er avhengig av veien.

Ved vegkontoret i Haugesund opplyser vegmeister Tønnes Frøyland at dei har hatt ein oppsynsmann som nå har sett på veitilstanden på Bokn, og at det nå blir kjørt grus på veien.

Oppsynsmannen seier til Bokn Bygdeblad at vedlikehaldsbudsjettet for fylkesveier er radikalt nedskore, slik at dei har knapt med midlar å hjelpa seg med. Dei må difor prioritera kor dei skal setja inn vedlikehald, og då har det lett for å gå ut over ein vei med lite trafikk slik som på Bokn.

Vegkontoret kan ikkje svara på kva tid det vert budsjettet midlar til oljegrusing av fylkesveien frå Grønnestad-krossen til Loden.

Send gratulasjonshelsing til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08

Gratulerer!



Kari Are

Hei på deg bestemor!

Gratulerer med dagen din som var 26. april!

Vi har det fint i Shanghai og gleder oss til å komme hjem på sommerferie.

Mange hilsener fra Margrethe og Kenneth.



1. mai kom endelig prinsen vår, **Mathias**, til verden. Han veide 3648 g og var 51 cm lang.

Den lykelige og stolte familie er storesøster Madelene Knutsen, mamma Tone Hognaland og pappa Christian B. Knutsen.

Velkommen til verden og Bokn, lille venn.



Me vil gratulera **Bernt Øvrebø** med 50 års dagen som var 9.mai.

Hilsen fanklubben på Vestre Bokn



NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag, en sommerkveld ved fjord og fossevell, fra eng og mo med furutraer, fra havets bryn med fiskevær og til de hvite skjær.

møter du landet i trefarvet drakt, svøpt i et gjenskin av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien rammer stripen på blåkløkker inn mot den rødmalte stuen i veien; Det er flagget som vaier i vind.

Ja så hvit som det hvite er sneen, og det røde har kveldsolen fått, og det blå gav sin farve til breen, det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i Studenterlund der sitter han og hun, to unge nyutsprungne russ, to ganske nylig tente bluss, i tve grader pluss.

Hun er som en gryende forsommerdag som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen, og så rødt som det rø` hennes kinn, hennes øyne er blå som fiolen, hun er flagget som vaier i vind. Han har freidig og hvitlugget panne, og en lue i rødt har han fått. Med en lyseblå tiltro til landet står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.



17. mai 2008

KONGESONGEN

Gud signe vår konge god
Sign han med kraft og mot
Sign hjem og slott!
Lys for ham ved din ånd
knytt med din sterke hånd
hellige troskapsbånd
om folk og drøtt!



NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem, furet, værbitte over vannet med de tusen hjem, elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor og den saganatt som senker drømme på vår jord, og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud! Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut. Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har grett, har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett. Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem, furet værbitte over vannet, med de tusen hjem. Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir, også vi, når det blir krevet for dets fred slår feir. Også vi, når det blir krevet For :: dets fred:: slår feir.



MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen fenge sin heim, der han sjølv heve tuftene grave og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender; der var ingen som der hadde bygt. "Lat oss ryddja og byggja oss grender, og så eige me rudningen trygt."

Han såg ut på det bårute havet: der var ruskut å leggja ut på; men der leikade fisk ned i kavet, og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte; Gjev eg var i eit varmare land! Men når vårsol i bakkane blenkte, fekk han hug til sin heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar, når det laver av blomer på strå, og når netter er ljose som dagar, kan han ingen stad venare sjå.

PROGRAM 17. MAI 2008

- 06.30 Salutt frå Boknafjellet
- 10.30 Gudstjeneste i Bokn kyrkje
- 11.15 Oppstilling til folketog
Folketoget går frå kyrkja, veg om barnehagen til framsida av Boknatun
- 11.40 Musikkorpset spelar ved Boknatun og går deretter ned til Føresvik kor det er kapproing.
- 12.00 Kapproing i Føresvik
- 12.00 Kioskalet startar
- 13.15 På skulen: Velkommen ved ordførar Kyrre Lindanger
Allsong - Mellom bakkar og berg
Festtale ved stortingsrepresentant Eirin K. Sund
Appell v/ungdomskuleelevar
- 13.45 Matsserveringa startar
- 14.30 Leikar for barn og vaksne
- 15.45 Barnekoret syng
- 16.00 Trekningar – premieutdeling
Avslutning – Allsong: Ja vi elsker

- | | | |
|--------------------------|---|---|
| Bokn musikkorps | - | korpsmusikken, tombola, pili- og ballkast |
| Bokn båtforening | - | kapproing i Føresvik |
| Bokn skyttarlag | - | luftgeværskyting |
| Speidaren | - | karusell, kiosksal |
| Bokn idrettslag | - | trial |
| Bokn hagelag | - | pynting |
| BORK | - | leikar for barn/spikringskonkurranse |
| Havnavegen velforening | - | lykkehjul |
| Bokn Danseklubb | - | "fisking" |
| Bokn Paintball Klubb | - | paintballskyting |
| Arsvågen Kro og Gardsmat | - | middagsservering |

VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai-komiteen 2008

FAGERT ER LANDET

Fagert er landet du oss gav,
Herre vår Gud og vår Fader.
Fagert det stig av blåe hav.
Solli ho sprett og ho glader.
Signar vårt land i nord og sud,
soleis di åsyn lyser Gud,
yver vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os.
Fort skifter sumar til vetter.
Fader ver alltid Noregs los,
radt til dei seinaste ætter.
Herre vår Gud, vår Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud.
Lær oss å gå dine vegar.

Signa då Gud vårt folk og land.
Signa vårt strev og vår møda.
Signa kvar ærlig arbeidshand,
signa vår aker med grøde.
Gud utan deg den vesle urt,
veiknar og visnar, bleiknar burt.
Ver du oss Ijoset og livet.

FEDRELANDSSALMEN

Gud signe vårt dyre fedreland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand,
og vinter for vårsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
som kristne det kan seg søma.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,
me fåfengt på huset byggja.
Vil gud ikkje verja by og land,
kan vaktmann oss ikkje tryggja.
Så vakta oss, Gud, så me kan bu
i heimen med fred og hyggja!

No er det i Norge atter dag
med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn grov på ymist lag,
det brydder då etter plogen.
Så signe då Gud det gode såd,
til groren ein gong er mogen!



2007

Frå forvaltningsstyremøte 09.04.08

Sak 011/08: Bygging av vei til nausttomter Øyren

Forvaltningsstyret vedtok: Naboprotesten tas til følge. Forvaltningsstyret godkjenner at naustvei kan legges i øvre klant av nausttomtene, maks 4 meter bred. Veien godkjennes under forutsetning av at formannskapet godkjenner at eksisterende avkjørsel kan ligge på kommunal eiendom.

Sak 012/08: Søknad om deling av grunneigedom gnr. 11 bnr. 9 Boligfelt Havnavegen – Kjell Terje Bryningsland

Forvaltningsstyret vedtok: Kjell terje Bryningsland gis tillatelse til fradeling av 6 daa fra sin eiendom på gnr. 11 bnr. 9 i Havnavegen. Før flere boliger eller nausttomter kan fradeles, skal det foreligge reguleringsplan for området. Vedtaket er fattet med hjemmel i plan- og bygningsloven § 93 h.

Sak 014/08: Privat reguleringsplan – Utvidelse av akvakulturanlegg ved Trosnavåg

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Med hjemmel i PBL§ §30 og 27-1 godkjenner forvaltningsstyret at forslag til privat reguleringsplan for utvidelse av settefiskanlegg ved Trosnavåg, legges ut til offentlig ettersyn slik det framgår av plankart datert 12.03.2008 og bestemmelser av 31.03.08 med følgende tillegg:

Pkt. 2.9

Det skal foreligge ROS-analyse som grunnlag for byggetillatelse mot fjellskjæringen

Nytt pkt. §7-Rekkefølgekrav PBL§20-4 pkt. b

7.1 Alle vannrettigheter som er nødvendig for å drifte den planlagte utvidelsen av anlegget ved Trosnavågen, må være klarert før tiltak kan iverksettes etter reguleringsplanen.

7.2 Tiltakshaver må utarbeide en fiskerifaglig rapport for vassdraget mellom sjø og Gunnarstadvatn som grunnlag for detaljløsninger for bekkeløpet fra fylkesvegen til fyllingsfronten i sjø.

Sak 015/08: Endring av konsesjonsstørrelse for Grieg Seafood Rogaland AS sitt settefiskanlegg ved Trosnavåg

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Boken kommune er positiv til Grieg Seafood sin søknad om utvidelse av konsesjon til produksjon av 5 mill smolt pr. år på anlegget i Trosnavåg. Det legges til grunn at utvidelsen kan skje innenfor gjeldende konsesjon for uttak av vann, og at det oppnås en tilfredsstillende rensing av avløpsvannet.

Boken kommune henstiller til Fylkesmannen at det i forbindelse med behandling av fornyet utslippstillatelse stilles krav til undersøkelser av sedimenter og vannkvalitet rundt gammelt utslippssted i indre deler av Trosnavåg, og vurderes eventuelt behov for opprydding i dette.

Sak 016/08: Reguleringsplan for turveg mellom Alvestadkroken og Fyrvegen (tidligere sak 06/08)

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Forslag til reguleringsplan, datert 20.09.07, med bestemmelser av samme dato, legges ut til offentlig ettersyn med følgende endring: Traseen nord for riksvegen trekkes mot øst i flukt med vestre grenselinje til gnr. 11 bnr. 267

Sak 017/08: Dispensasjon – oppføring av fritidsbolig gnr. 19 bnr. 25 – Ingve Hognaland

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Søknaden godkjennes. Ingve Hognaland gis dispensasjon til oppføring av fritidsbolig på eiendommen gnr. 19 bnr. 25 i Sunnlandsstraumen. Vedtaket er fattet med hjemmel i plan- og bygningsloven § 7.

Frå Kommunestyremøte 15.04.2008

Sak 009/08: Felles samarbeidsutval (SU) for barnehage og skule.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Skulen og barnehagen held fram med kvart sitt samarbeidsutval som før.
2. Samarbeidsutvalet i skulen og i barnehagen får same sekretærordning, slik det går fram av saksutgreiinga.
3. Som representant frå formannskapet til samarbeidsutvalet for barnehagen for inneverande 4-årsperiode blir Tormod Våga vald.

Sak 010/08: SFO-Endring av vedtekter og betalings-satsar frå 01.08.08.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Vedtektene for SFO blir godkjente med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Dei nye vedtektene gjeld frå 01.08.2008.
2. Foreldrebetalinga frå 01.08.2008 blir slik det går fram av tabellen under.

Tilbod og terminbeløp (10 betalingsterminar)	Heile veka	3 vekedagar	2 vekedagar
Skuledagar frå kl 0710 til skulestart	Opphald kr 502 Frukost kr 150 Sum kr 652	Opphald kr 292 Frukost kr 87 Sum kr 379	Opphald kr 209 Frukost kr 62 Sum kr 271
Skuledagar frå skuleslutt til kl 1410	Opphald kr 412 Sum kr 412		
Skuledagar frå kl 1410 til kl 1630	Opphald kr 1 004 Sum kr 1 004	Opphald kr 585 Sum kr 585	Opphald kr 419 Sum kr 419
Skulefridagar frå kl 0710 til kl 1630	Opphald kr 897 Frukost kr 33 Sum kr 930		
Kl 0710 til kl 1630 på alle skuledagar	Opphald kr 1 918 Frukost kr 150 Sum kr 2 068		
Kl 0710 til kl 1630 på alle skuledagar og på skulefridagar	Opphald kr 2 815 Frukost kr 183 Sum kr 2 998		

Sak 011/08: Barnehagen: Plassar og årsverk frå 01.08.2008

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Talet på plassar i barnehagen blir auka til 60 frå 01.08.2008. Barnehagen blir mellombels godkjent med tekstilrom i skulen som ekstra areal ved oppstarten i august, og med endring fra tekstilrom til hytte på leirplass i Lerkeskogen når denne står ferdig.
2. Talet på plassar skal vurderast på nytt når den nye

barnehageløysinga skal endeleg godkjennast, med basedrift i staden for avdelingar, og fast leirplass og vekt på friluftsliv.

3. Talet på stillingar blir fastsett til 11 årsverk frå 01.08.2008, stillingar til ekstra tiltak ikkje medrekna.

Sak 012/08: Kunnskapsløftet: Kompetanseutviklingsplan for 2008.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Satsingsområde og budsjett i Kunnskapsløftet – kompetanseutviklingsplan for 2008, blir godkjent.
2. Planen blir oversendt fylkesmannen.

Sak 013/08: Startlån for vidare tildeling.

Kommunestyret sitt vedtak:

Bokn kommunestyre vedtar å ta opp Startlån for vidare tildeling frå Husbanken på kr. 1.000.000,-.

Lånet er eit annuitetslån med ei total løpetid på 25 år med flytande rente.

Lånevilkåra fylgjer dei til eikvar tid gjeldande reglar i Husbanken.

Sak 014/08: Veiledende norm for utforming av naust og båtgarasjer i Bokn

Kommunestyret sitt vedtak:

Saka settes ut og sendes tilbake til forvaltningsstyret til ny behandling.

Sak 015/08: Handlingsplan for driftstiltak på kommunale bygninger og anlegg - 2008.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Formannskapet rår til at driftsbudsjettet for 2008 vert auka med kr. 882.000,- for å utføre drift og vedlikehaldsoppgåver i samsvar med saksframstillinga. Utgiftene vert dekkja ved bruk av overskott på driftsrekneskapen for 2007.

Skulle dei økonomiske forutsetningane endra seg i perioden fram til framleggelse av revidert budsjett, forbeholder formannskapet seg retten til å omdisponera eventuelle ubrukne midler til inndecking av mogleg underskott.

Sak 016/08: ENØK-analyse Bokn skule, Boknatun og Bokn barnehage - forslag til vidare arbeid med energiøkonomisering.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Kommunestyret tar ENØK-analysen, for Boknatun, datert 02.11.2006, til etterretning.
2. Kommunestyret legg til grunn at Enøk-analysen dokumenterer at det er et innspareingspotensiale på energiforbruket på Boknatun.
3. Som grunnlag for vidare arbeid med tiltaket vil kommunestyret be om at det utarbeides planer og innhentes tilbud på gjennomføring. Kostnadsramme for prosjektet settes til kr. 290.000,- som dekkes

ved bruk av overskott på driftsrekneskapen for 2007.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt med fylgjande endring:

3. kulepkt.: saksframlegget trekkes ut med reduksjon av kostnadsramme for prosjektet på kr 230.000,-.

Sak 17/08: Prosjektet KJEKT PÅ BOKN.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at prosjektet Kjekt på Bokn blir vidareført i samsvar med vedtak og intensjonen i K.sak 25/07. Formannskapet får som styringsgruppe for prosjektet i oppdrag å reaktivere og oppnemna medlem til dei 3 arbeidsgruppene.
2. Kommunestyret vedtek å oppretta ein 2 – 3 årig prosjektleiarstilling i inntil 50% stilling, som skal ha ansvar for oppfølging og gjennomføring av prosjekta. Oppretting av stillinga må ses i samanheng med fylkeskommunen sin søknad om RUP – midlar til prosjektet " Kjekt på Bokn".
3. Kommunestyret stiller et rammebudsjettet for "Kjekt på Bokn" for 2008 til formannskapet sin disposisjon på i alt kr. 1.280.145,- fordelt med finansiering frå driftsfond kr. 442.445, frå reservert tilleggsøyvingar kr. 524.000,- og frå kapitalfond kr. 313.700,-. Økonomiske rammer for 2009 osv. legges inn i økonomiplanen for 2009 – 2012.

Ferievikarer i teknisk seksjon sommeren 2008 - 2. gangsutlysning

Bokn kommune v/teknisk seksjon har sommeren 2008 behov for enda flere ferievikarer til diverse oppgaver som klipping, maling og andre vedlikehaldsoppgaver i perioden 16 juni – 15 august.

Bokn kommune er åpen for at det kan kombineres med andre jobber.

Lønn etter ansiennitet og praksis. Søker må være over 18 år.

List opp i søknaden hvilke uker og evt tidspunkt som er aktuelle å jobbe.

Søknad sendes inn til Bokn kommune v/teknisk seksjon innen 23. mai 2008.

Spørsmål kan rettes til

Unni W W Høivik på tlf. 52 75 25 06 eller e-post: unni.hoivik@bokn.kommune.no

Ungdomsbustad på Øyren til leige

Bokn kommune har ein ungdomsbustad på Øyren til leige frå 16.august 2008.

Bustaden er på 51 m2 med stove/kjøkken, 1 soverom og innvendig og utvendig bod.

Husleiga er for tida kr. 2.435,- pr. mnd. Straumforbruk/oppvarming kjem i tillegg.

Kommunen har eigne reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder m.v.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til Bokn sosialkontor, tlf. 52 75 25 04.

Søknad skal sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Søknadsfrist: 6.juni 2008.

Slit du med

MOTT, MAUR, MUS, SOPP ELLER RÅTE?

 **INSECTAas** veit råd!
www.insecta.no

Ring tlf. 47258472 og avtal gratis synfaring og få råd om kva som kan gjerast!



www.insecta.no

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr 800,- + moms.

Pris pr. veke kr 4000,- + moms.

Pris pr. dag kr 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie
mob: 909 24 964

Kjell Frode Lie
mob: 907 83 797

Hugs kino torsdag 15. mai:

Spiderwick-kronikene & Lange Flate Ballær II

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff heile døgnet - kortautomat



alltid™ 13-18

Med Alltid 13-18 får du de banktjenestene du trenger i hverdagen - helt gratis.

*For deg som er mellom 13-18 år

www.sr-bank.no

SpareBank
SR-BANK 

Kommunale telefonnumre og e-post-adresser

Funksjon	Namn	Tlf.	E-post
Ordfører	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
Økonomi			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
IT			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
Servicetorg			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Helse, sosial, barnevern			
Seksjonssjef	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekontor		52 75 25 40	
Sosialsjef/Barnevernsleiar	Reidar Alvestad	52 75 25 04 - 98 22 15 04	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 -	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
Kultur, skule, barnehage			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekontor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
Teknisk			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Opningstider kontor

· **Tysdag, fredag og anna kvar torsdag (i partalsveker) kl. 08.30 – 15.00.**

Telefontid

· Alle dagar kl 08.00 - 11.00 og 13.00 - 14.00.
Telefon **52 75 25 40**.

Legekontoret stengt veke 15 og 20

· Legekontoret er stengt i **veke 15** (7. til 11. april) og i **veke 20** (12. til 16. mai) pga. kurs og ferieavvikling.

Vikarordning med dr. Egenberg i Aksdal

· Ca. 10 uker i året vil Bokn legekantor vera stengt pga. kurs og ferieavvikling. Dr. Rønnevik har derfor inngått ei vikarordning med dr. Egenberg ved Hegren Legesenter i Aksdal for sine listepasientar.

· Ved behov for legetime dei vekene legekontoret på Bokn er stengt, kan man ringa Hegren Legesenter på tlf. 52 75 88 00 (telefontid kl. 08 -11.00 og 13.00 – 14.00) og få time hos dr. Egenberg. Me ber om at ein i størst muleg grad forsøker å få legetime på Bokn legekantor hos dr. Rønnevik. Dr. Egenberg skal kun nyttast når ein ikkje kan venta til ein får time på Bokn legekantor.

Generell informasjon

· Me gjer merksam på at det kjem eit avbestillingsgebyr på kr. 130 dersom man ikkje møter opp til avtalt time. Avbestilling må skje minst 24 timar før avtalt time. Avbestillingsgebyr gjeld også barn (kr. 130)

· Det er fortsatt muleg å få reseptane sine faks til apoteket i Tysvær og medisinarne brakt til butikken, men det kjem då eit ekspedisjonsgebyr på kr. 50 pr. gong.

· På legekontoret er det dessverre ikkje muleg å betala med bankkort.

· Nye pasienter må sjølve ringa den gamle fastlegen for å få sendt kopi av journalen til Bokn legekantor (gjeld alle). Det kostar kr. 85 å få utskrift av journalen sin hos sin gamle fastlege.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp

· Dersom du på dagtid treng øyeblikkeleg hjelp og ikkje kjem gjennom til legekontoret, kan du i nødstilfeller ringa direkte til sjukestova på telefon **52 75 25 30** eller nødtelefon **113**.

· Etter kontortid (etter kl. 15.30) må ein ved behov for øyeblikkeleg hjelp ringa legevakta på telefon **52 77 07 00** eller nødtelefon **113**.

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: **52 75 25 10** og **52 75 25 11**
E-post: **post@bokn.kommune.no**

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

Ingjerd Hope Myklebust - tannlege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivitet

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef



NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Etterpåske-fest

Tekst: Liv Birknes - foto: Terje Riber

Lørdag 29. mars arrangerte Bokn danseklubb "Påskefest".

Lenge før k.l 14.00 var alle bord fullsette, og arrangørane måtte finne fram meir stolar. Til slutt var det ca. 150 fram-møtte med smått og stort, og det må ein seie er flott i ei såpass lita bygd.

Blant dei største i landet

Danseklubben har etter jul fått mange nye medlemmer, og har no 42 aktive dansarar. Dette gjer klubben til ein av dei største i Norge på amatørnivå.

Underholdninga opna med "pakkeleiken" for store og små, og den var populær, som alltid. Etterpå var det dansefram-syning av små og store par, og det er kjekt å sjå kor flinke dei er. Til og med dei som begynte etter jul, har alt både rytme og trinn inne.



Nybegynnara i aksjon.

Danselærer Wendy dirigerte, motiverte og kommenterte under denne delen, og det var tydeleg å sjå at dansarane hadde det kjekt, sjølv om det var skummelt å opptre for så mange folk.

Dei to eldste para: Vilhelm og Ingrid, Glen og Benedicte måtte vere åleine, par for par, på golvet – og nervøsiteten var ikkje mindre her – sjølv om desse mange gonger har dansa for hundrevis av folk i konkurransar.

- Det er verre når det er folk me kjenner, var kommentaren. Men alle fire greier seg godt, og har ingenting å vere



Emil Gismarvik og Ida Havikbotn



Vilhelm Våge, Benedicte O. Mæland og Glen Riber

nervøse for.

"Easter Bonnet Parade"

Det var loddsal og "Lucky Dip", mat og heimebakt for 30 kr. pr. person – og folk såg ut til å kose seg. Nytt i år var "Easter Bonnet Parade" – ein konkurranse om den finaste påskehatten. Dette er ein tradisjon som Wendy har tatt med seg frå heimlandet, England, og hadde lyst til å prøve her.

Det var mange deltakarar blant dei minste, og mange kreative hattar.

Dei som stakk av med seieren blant dei små var Ida Havikbotn og Emil Gismarvik.

Dei eldste var nok litt tilbakehaldande, og her var det berre 3 deltakarar, Benedicte, Glen og Vilhelm som alle fekk premie. Det heile vart avslutta med loddtrekning, og alt var slutt ca. kl. 17.00.

